

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 144/2019

av 14. juni 2019

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsdirektiv (EU) 2019/114 av 24. januar 2019 om endring av direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for høvesvis artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF og artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstar og grønsaker⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om plantesanitære tilhøve. Føresegner om plantesanitære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel III del 1 nr. 14 (kommisjonsdirektiv 2003/90/EF) og 15 (kommisjonsdirektiv 2003/91/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32019 L 0114:** Kommisjonens gjennomføringsdirektiv (EU) 2019/114 av 24. januar 2019 (EUT L 23 av 25.1.2019, s. 35).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsdirektiv (EU) 2019/114 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 23 av 25.1.2019, s. 35.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. juni 2019, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*)).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 14. juni 2019.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann

UOFFISIELL OMSETJING

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.